Forskrift om gebyr etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Hjartdal kommune, Vestfold og Telemark.

Fastsett av Hjartdal kommunestyre med heimel i lov 27. juni 2007 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) § 33-1, lov 16. juni 2017 om eierseksjoner (eierseksjonsloven) § 15 og lov 17. juni 2005 om eigedomsregistrering (matrikkellova) § 32.

Kapittel 1. Generelle føresegner

§ 1.1 Føremålet og verkeområdet til forskrifta

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for sakshandsaming kommunen gjer etter lover og forskrifter for følgjande gebyrtenester:

- Kapittel 2 i forskrifta: Private planforslag etter plan- og bygningsloven
- Kapittel 3 i forskrifta: Byggje-, dele- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningsloven
- Kapittel 4 i forskrifta: Seksjonering etter eierseksjonsloven
- Kapittel 5 i forskrifta: Oppmåling etter matrikkellova

§ 1.2 Føresegner om betaling

§ 1.2.1 Betalingsplikt og gebyrsatsar

Alle som får utført tenester etter denne forskrifta skal betale gebyr. Gebyrsatsane kommer frem av kapittel 2 til kapittel 5. Gebyra er rekna i tråd med gebyrføresegner i respektive særlover/-forskrifter samt føresegner i selvkostforskriften.

For enkelte tenester vil statlege gebyr, til dømes gebyr for tinglysing eller dokumentavgift fakturerast i tillegg til gebyra etter denne forskrifta.

§ 1.2.2 Tidspunkt for fakturering, tidspunkt for rekning av gebyra og fakturamottakar

For private planforslag gjelder følgjande regler for tidspunkt for fakturering og rekning av gebyr:

- Gebyr for planoppstart fakturerast som hovudregel etter avhalda oppstartsmøte. Kommunen kan fakturere for planinitiativ før oppstartsmøtet er avhalda. Dersom saka avsluttast før oppstartsmøtet, kan kommunen fakturere for planinitiativ når saka avsluttast.
- Gebyr for andre møter fakturerast etter avhalda møte, så lenge ikkje anna er avtalt.
- Andre gebyr fakturerast samtidig med slutninga til kommunen om offentleg ettersyn.
- Gebyret reknast med satsar som gjeld på tidspunkt for innsendt planinitiativ, oppstartsmøte og når komplett innsendt planforslag er motteke av kommunen.
- Gebyrkravet rettast til den som har underskrevet planforslaget som forslagsstillar, viss ikkje anna blir avtalt i oppstartsmøtet.

For byggje- og delesak og eigarseksjonering gjeld følgjande regler:

- Gebyret fakturerast når vedtak i saka er fatta eller saken er avslutta.
- Gebyr reknast etter dei satsar som gjeld på tidspunktet komplett søknad blir motteke av kommunen.
- Gebyrkrav rettast til den som har underskreve søknaden som tiltakshavar, viss ikkje anna er avtalt.

For oppmåling etter matrikkellova gjeld følgjande regler:

- Gebyr fakturerast når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka.
- Gebyr reknast etter dei satsar som gjeld på tidspunktet fullstendig søknad/rekvisisjon er mottatt.
- Kommunen kan krevje gebyr betalt inn forskotsvis, jf. matrikkelforskriften § 16.
- Gebyrkravet rettast til den som har underskrevet rekvisisjonen, viss ikkje anna er avtalt.

§ 1.2.3 Tidspunkt for betaling

Gebyr, utgiftsdekningar mv. som er gitt etter denne forskrifta forfell til betaling etter påkrav i tråd med faktura. Ved manglande betaling kjem purregebyr og renter, jf. forsinkelsesrenteloven og Forskrift om renter ved forsinka betaling. Dersom faktura ikkje blir betalt etter purring, blir kravet sendt til innfordring, jf. inkassoforskriften.

Gebyret må betalast og forfell uansett om vedtaket i saka er klaga på.

§ 1.3 Sakkunnig bistand

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, utsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagt til gebyret. I tillegg vert det fakturert for medgått tid for arbeidet kommunen har med å henta inn slik bistand.

§ 1.4 Klageåtgang

Når gebyret har heimel i plan- og bygningsloven § 33-1, matrikkellova § 32 eller eierseksjonsloven § 15, er det ikkje høve til å klaga på gebyret i den enkelte saka. Enkeltvedtak etter § 1.5 om redusert gebyr kan klagast på.

§ 1.5 Redusert gebyr

Dersom gebyret i ei enkelt sak er klart høgare enn sjølvkost, skal kommunen på eiga initiativ redusere gebyret.

§ 1.6 Definisjonar og forklaringar

I denne forskrifta blir det meint med:

a. Anleggseigedom: Eit volum der grensene er fastlagt i grunnriss og høgde, til dømes underjordisk anlegg for parkering.
b. Arealoverføring: Arealoverføring brukast når areal overførast frå ein matrikkeleining til ein annan utan at det etablerast ny matrikkeleining.
c. Avklaringsmøte: Innleiande møte mellom kommunen og forslagsstillar, før oppstartsmøtet etter pbl § 12-7. Målet er at kommunen gir avklarande informasjon og formidlar kunnskap om eit bestemt område, og presenterer sin planfaglege haldning til framtidig arealutvikling av dette området. Ein planførehandskonferanse kan i nokon grad sei noko om nødvendig prosess og behov for utgreiing.
d. Bueining: Brukseining som har alle hovudfunksjonar for bustad, slik som stue, kjøken, soveplass, bad og toalett, og har eigen inngang og er fysisk åtskilt frå andre einingar. Den respektive lov bestemmer kva som er ei bueining.
e. Bruksareal (BRA): Bruksareal slik det kjem fram av målereglane i byggteknisk forskrift kapittel 5.
f. Brukseining: Bygning eller del av bygning (lokale), f.eks. bueining, garasje, anneks/uthus, kontoreining, verkstad og lager. Den respektive lov bestemmer kva som er ei brukseining.
g. Bygningstype: Standardisert kategorisering av den enkelte bygning etter NS-3457 Bygningstypetabell. Bygningstypar frå 111 til 199 høyrer til bygningshovudgruppe bustad. Bygningstypar frå 211 til 840 er alt anna enn bustad.
h. Førehandskonferanse for byggesak: Møte for avklaring av rammer og innhald i tiltaket jf. pbl § 21-1 før byggesøknad sendast inn til kommunen.
i. Grunngebyr: Gebyr som skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen. Gebyret er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket.
j. Konsekvensutgreiing (KU): Særskilt vurdering og beskriving av verkingane til planen for miljø og samfunn.
k. Matrikkel: Nasjonalt eigedomsregister kor kvar eigedom har eit unikt nummer bestående av kommunenummer, gardsnummer (gnr), bruksnummer (bnr), festenummer (fnr) og seksjonsnummer (snr). Dersom bruket ikkje har feste- og/eller seksjonsnummer, har desse verdien null (0). Tidlegare kalla GAB-registeret (Grunneigedoms-, adresse- og bygningsregisteret).
l. Matrikkeleining: Grunneigedom, anleggseigedom, eigarseksjon, jordsameige eller festegrunn.
m. Oppstartsmøte i planprosessen: Lovpålagt møte mellom forslagsstillar og kommunen. Møtet tar for seg alle tema som er nødvendig for å klargjere forutsetningane for det vidare planarbeidet og utforminga av det endelege planforslaget. Kommunen skal utarbeide referat frå oppstartsmøtet.
n. Pbl: Plan- og bygningsloven.
o. Planinitiativ: Eiga dokument som forslagsstillar må sende til kommunen før oppstartsmøtet. Skal i nødvendig grad omtale premissane for det vidare planarbeidet. Krav til innhald i planinitiativet finnast i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan og bygningsloven.
p. SAK: Forskrift om byggesak (byggesaksforskrifta).
q. Sakshandsamingsgebyr: Gebyr som skal dekkje oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er avhengig av kompleksitet og storleik i saka/tiltaket/planen mv.
r. Søknadspliktige tiltak: Tiltak man må søke om etter plan- og bygningslovgivinga.
s. Tilleggsdel: Tillegg til hovuddel, til dømes bod, garasje, parkeringsplass eller uteareal.

t. TEK: Forskrift om tekniske krav til byggverk (byggteknisk forskrift).
u. Verna område: Verneområde er område der myndigheitene har bestemt at naturen skal bli verna mot inngrep eller forstyrring.

Kapittel 2. Private planforslag

Kapittelet inneheld gebyr for sakshandsaming av private planforslag etter plan- og bygningsloven.

Samla gebyr består av gebyr for arbeid med oppstart (§ 2.1) og gebyr for handsaming av innsendt planforslag. Dersom planforslaget har mangelfulle plandokument, kan det ileggjest tilleggsgebyr.

Alle innsendte planforslag utløyser grunngebyr etter § 2.3.1. Føresegner frå §§ 2.3.2 til 2.3.7 er tilleggsgebyr og skal betalast dersom planforslaget møter krava for dei enkelte tilleggsgebyra.

For informasjon om tidspunkt for berekning, fakturering og fakturamottakar, sjå § 1.2.2.

§ 2.1 Gebyr for arbeid med oppstart

§ 2.1.1 Gebyr for planinitiativ

Gebyr for gjennomgang av planinitiativ inkluderer eit initiativ. Det ileggjest nytt gebyr for planinitiativ som inneheld feil/manglar ved første innsending og som må sendast inn på nytt.

Planinitiativ		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gjennomgang av planinitiativ	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2.1.2 Enkeltgebyr for møter

Møter		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppstartsmøte	Per planforslag	Kr X,-
Vnr. Y	Avklaringsmøte med forslagsstillar/plankonsulent utover oppstartsmøte	Per møte	Kr X,-

§ 2.1.3 Forhald til overordna planar i kommunen

Dersom planinitiativet er i strid med kommuneplanen skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planinitiativets forhald til overordna planer		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Planinitiativ i strid med kommuneplan	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2.1.4 Råd i planlegginga - prinsippavklaringar

Tilleggsgebyr for råd		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak til politisk utval/formannskap om å gje råd i ei detaljreguleringssak (prinsippsaker) etter pbl § 12-8 første ledd	Per sak	Kr X,-

§ 2.1.5 Stans av planinitiativ

Tilleggsgebyr for politisk prøvelse		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Viss forslagsstillar krev avgjersle om stans av planinitiativ førelagt kommunestyret til handsaming	Per planinitiativ	Kr X,-

§ 2.2 Mangelfulle plandokument

Det ileggjest tilleggsgebyr dersom planforslaget ikkje leverast i fullverdig digital form. Gebyra gjeld i dei tilfella kommunen har meirarbeid ved retting av kartgrunnlag og/eller dokument.

Mangelfulle plandokument		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tillegg for planforslag som ikkje er levert etter gjeldande standard for kart og geografisk informasjon	Per time	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg for mangelfulle plandokument til førstegangshandsaming	Per time	Kr X,-

§ 2.3 Gebyr for handsaming av privat planforslag

§ 2.3.1 Grunngebyr for planforslag

Grunngebyret ileggjest for alle planforslag og skal dekkje arbeidet med ein enkel plan.

Grunngebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Private planforslag	Per søknad	Kr X,-

§ 2.3.2 Møter undervegs i planprosessen

Dersom det blir halde møter, skal det betalast eit gebyr for kvart møte.

Møter		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Møte med forslagsstillar/plankonsulent	Per møte	Kr X,-

§ 2.3.3 Planar med planprogram og/eller konsekvensutgreiing

For planforslag som krev konsekvensutgreiing (KU) eller planprogram skal det betalast eit tilleggsgebyr.

Planprogram og konsekvensutgreiing, jf. pbl § 4-1, § 4-2 andre ledd og kap. 14		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For planar som krev planprogram	Per planprogram	Kr X,-
Vnr. Y	For planar som krev konsekvensutgreiing	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.3.4 Eining for bueining eller fritidsbustad

Inneheld planforslaget eining for bustad eller fritidsbustad bereknast eit tillegg per ny eining.

Bueining og fritidsbueining		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Eining for bustad eller fritidsbustad	Per ny eining	Kr X,-

§ 2.3.5 Tilleggsgebyr for vertikalnivå

Gebyret ileggjest planforslag med regulering i fleire vertikalnivå enn grunnarealet over bakken, jf. kart- og planforskriften § 9, 3. ledd.

Tilleggsgebyr for vertikalnivå		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for fleire vertikalnivå	Per vertikalnivå utover eitt	Kr X,-

§ 2.3.6 Forhald til overordna planar i kommunen

Dersom planforslaget er i strid med kommuneplanen betalast eit tilleggsgebyr.

Planforslagets forhald til overordna planer		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	I strid med kommuneplan	Per planforslag	Kr X,-

§ 2.4 Utfylling og endring av plan

Endring av reguleringsplan eller utfyllingar innanfor hovudtrekka i reguleringsplanen, jf. pbl § 12-14 andre ledd plan skal det betalast gebyr. Det same gjeld dersom det blir søkt om dispensasjon.

Utfylling og endring av plan		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Endring av reguleringsføresegner	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar av plankart	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Endringar som blir handsama som ny plan	Per planforslag	Fullt gebyr

§ 2.5 Gebyr ved avslutning av planprosess

Ved trekk av planinitiativ/forslag eller manglande oppfølging frå forslagsstillar skal forslagsstillar betala ein del av samla gebyr avhengig av kor langt kommunen har kome i sakshandsaminga.

Utfylling og endring av plan		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Viss saka blir trekt før varsel om oppstart eller planmyndigheta avgjer at initiativet skal stoppes	Per planinitiativ	Gebyr etter § 2.1.1
Vnr. Y	Viss saka blir trekt etter oppstartsmøtet, men før innsending av forslag	Per planoppstart	Gebyr etter § 2.1
Vnr. Y	Avslutning av sak etter at planforslaget er mottatt av kommunen	Per planforslag	Gebyr etter §§ 2.1 og 2.2 samt 50 % av gebyr etter § 2.3
Vnr. Y	Gebyr ved avslag etter plan- og bygningsloven § 12-11	Per planforslag	Fullt gebyr

Dersom det ikkje er varsla oppstart av plan innan 6 månadar etter gjennomført oppstartsmøte, kan kommunen avslutte saka og nytt oppstartmøte må bli haldt før nytt varsel om oppstart av plan kan kunngjerast.

Tilsvarande gjeld der komplett planforslag ikkje er motteke innan 18 månadar etter avhalden oppstartsmøte. Det kjem i tilfelle nytt gebyr for oppstartsmøte. Dette gjeld med mindre kommunen og forslagsstillar har avtalt noko anna.

§ 2.6 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningsloven som ikkje fell inn under andre paragrafar i dette kapittelet, fakturerast etter medgått tid. I spesielle / atypiske saker kan kommunen bestemme at gebyret skal fastsettast etter medgått tid. Arbeidet til kommunen med utbyggingsavtaler fakturerast òg etter medgått tid.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-

§ 2.7 Gebyrfritak

§ 2.7.1 Offentlege planforslag

Kommunen reknar ikkje gebyr for å handsame planforslag frå offentlege forslagsstillarar når planen skal ta vare på offentlege interesser eller funksjonar og tiltaket skal finansierast med støtte frå stat eller kommune, eller med lån som har statleg eller kommunal garanti.

§ 2.7.2 Unntak gebyrfritak – ulovleg statsstøtte

Offentlege forslagsstillarar, irekna kommunale føretak, som fremmer planforslag knytt til eigedomsutvikling av rene eigedoms- og grunneigarinteresser (kommersielle interesser), er likestilt med private forslagsstillarar og skal betale gebyr.

§ 2.7.3 Offentlege planforslagstillarar med kommersielle interesser

Der delar av planen frå offentlege forslagsstillarar, irekna kommunale føretak, er knytt til eigedomsutvikling mv. (kommersielle interesser), skal det betalast gebyr for grunnareal og bruksareal som utgjer denne delen, utrekna etter reglane i § 2.3.

§ 2.7.4 Areal i planforslag av offentlege interesse

Areal som regulerast til LNF, offentlege grønstruktur- og friluftsføremål, verneområde og eksisterande offentlege trafikkområde skal ikkje tas med i utrekninga av arealgebyret.

Kapittel 3. Byggje- og delesaker

Kapitelet omhandlar gebyr for sakshandsaming av byggje- og delesaker etter plan- og bygningsloven.

For alle søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningsloven skal det betalast gebyr. Samla gebyr inneheld grunngebyr, sakshandsamingsgebyr, registreringsgebyr og eventuelle tilleggsgebyr. Storleiken på gebyret er det same for løyve som for avslag.

Gebyra gjeld for både eit-trinns søknadar og rammesøknadar. I begge tilfelle er ferdigattest som kommunen sender ut innan fem år etter at løyve er gitt inkludert i gebyret.

§ 3.1 Tilsyn etter plan- og bygningsloven

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomført i samsvar med føresegner gitt i eller med heimel i plan- og bygningsloven. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggjeprosessar, avdekkje ulovlegheitar og verke førebyggande. Inntil 20 % av gebyret dekkje tilsynsverksemda til kommunen.

§ 3.2 Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, til dømes mottakskontroll. Ferdigattest som utstedes i løpet av fem år etter opphavleg byggeløyve dekkjast også av grunngebyret.

Grunngebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Grunngebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn gjennom elektroniske søknadsportalar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Grunngebyr for søknadspliktige tiltak sendt inn på papir og e-post	Per søknad	Kr X,-

§ 3.3 Registreringsgebyr

For tiltak etter pbl skal det betalast registreringsgebyr som skal dekkje kostnadene knytt til arbeid som må bli gjort i matrikkelen. Gebyret gjeld og for meldepliktige tiltak som ikkje er søknadspliktige. Arbeid i matrikkelen aukar proporsjonalt med tal på brukseiningar og det skal betalast eit registreringsgebyr per brukseining. Gebyret skal betalast ved endring av brukseining.

Registreringsgebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Kr X,-
Vnr. Y	Meldepliktige, ikkje-søknadspliktige tiltak	Per brukseining	Kr X,-

§ 3.4 Tilleggsgebyr ved mangelfull søknad

Dersom søker ikkje har komplett søknad etter første mangelbrev frå kommunen, kjem det gebyr for kvart følgjande mangelbrev som blir sendt.

Mangelfull søknad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Utsending av mangelbrev frå og med det andre	Per mangelbrev	Kr X,-

§ 3.5 Førehandskonferanse og andre møter

Det skal betalast gebyr for førehandskonferanse og andre møter. Gebyra omfattar møte, førebuing og etterarbeid/referat.

Førehandskonferanse etter pbl § 21-1		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Førehandskonferanse	Per time	Kr X,-
Vnr. Y	Møte med kommunen	Per time	Kr X,-

§ 3.6 Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak - pbl § 20-4, jf. byggesaksforskriften §§ 3-1 og 3-2.

§ 3.6.1 Delesaker

Deling mv., jf. pbl § 20-1 m		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom, festegrunn og punktfeste	Per ny matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Arealoverføring	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av anleggseigedom	Per ny anleggseigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Registrering av jordsameige	Per jordsameie	Kr X,-

§ 3.6.2 Tiltak utan krav til ansvarleg føretak

Sakshandsamingsgebyr for tiltak utan krav til ansvarleg føretak, jf. pbl 20-4		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Mindre tiltak på bygd eigedom som garasjar, uthus og tilbygg, jf. SAK § 3-1 a og b	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Bruksendring frå tilleggsdel til hovuddel eller omvendt innanfor ein brukseining, jf. SAK § 3-1 c	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt- og reklameinnretningar etter SAK § 3-1 d	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Alminnelege driftsbygningar i landbruket, jf. SAK § 3-2	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Midlertidige bygningar mv. jf. pbl § 20-4 c	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Andre mindre tiltak som etter kommunens skjønn kan forvaltast av tiltakshavar jf. pbl 20-4, e	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr om søknaden innehelder fleire enn eit tiltak. Tiltaket med det høgaste gebyret reknast som det første tiltaket i søknaden.	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7 Søknadspliktige tiltak som krev ansvarleg føretak (med ansvarsrett) - pbl § 20-3

Om tiltak under § 3.7.2 - § 3.7.10 søkjast om samtidig og i same søknad som tiltak under § 3.7.1 reduserast gebyret under § 3.7.2 - § 3.7.10 med 50 %.

§ 3.7.1 Bustad, fritidsbustad og andre bygg, jf. § 20-1 a og b

§ 3.7.1.a Bustad og fritidsbustad

For bygningar som er kombinasjonsbygg (både bustadføremål og anna enn bustadføremål), reknast gebyr for begge føremål.

Bustad og fritidsbustad		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	**Bustad og fritidsbustad** Bygningstype 111-172	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg per bueiningar over en	Per bueining	Kr X,-

§ 3.7.1.b Tilbygg, påbygg eller underbygg, garasje, uthus, anneks mv. til bustadbygg

Tilbygg, påbygg eller underbygg til bustadbygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	**Tilbygg, påbygg eller underbygg** Bygningstype 111-172	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	**Garasje, uthus, anneks, naust mv. til bustadbygg** Bygningstype 181-183	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tillegg per bygg/tilbygg/påbygg utover eit	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7.1.c Anna enn bustadbygg

Anna enn bustadbygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	**Industri-/næringsbygg og landbruksbygg** Bygningstype 211-249	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	**Kontor- og forretningsbygg** Bygningstype 311-330	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	**Annan næringsbygg eller offentlege bygg** Bygningstype 411-840	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Tilbygg og påbygg for anna enn bustadbygg	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7.1.d Konstruksjon og anlegg

Røyranlegg, leidningsanlegg mv.		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Røyranlegg, leidningsanlegg mv.	Per søknad	Kr X,-
Symjebasseng, dam/brønn ol.			
Vnr. Y	Symjebasseng, dam/brønn ol.	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Brygge, molo, kai ol.	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7.2 Fasadeendring, jf. pbl § 20-1 c

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 c		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Fasadeendring på bygg, konstruksjon eller anlegg	Per søknad	Kr X,-

§ 3.7.3 Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak, jf. § 20-1 d.

Gebyr reknast i prosent av gebyret for sakstypen det endrast til.

Saksbehandlingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 d		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Bruksendring eller vesentleg utviding eller vesentleg endring av tidlegare drift av tiltak av hel bygning	Per søknad	80 % av gebyret etter § 3.7.1

§ 3.7.4 Riving av tiltak, jf. § 20-1 e.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 e		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Rivning mv. av bygg, konstruksjon og anlegg	Per søknad	Kr X,-

§ 3.7.5 Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar, jf. § 20-1 f.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 f		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sanitærinstallasjonar, ventilasjons-/sprinklar-/antenne-/solcelleanlegg, Skorstein, eldstad, heis og liknande.	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7.6 Oppdeling eller samanføying av brukseiningar for bustad, jf. § 20-1 g.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 g		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Samanføying av brukseiningar for bustad mv.	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppdeling av brukseiningar for bustad mv.	Per ny bueining	Kr X,-

§ 3.7.7 Oppføring av innhegning mot veg og skilt og reklame, jf. § 20-1 h og i.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 h og i		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Innhegning mot veg (til dømes støyskjerm, gjerde, voller, murer m.m.)	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Skilt på fasade	Per tiltak	Kr X,-
Vnr. Y	Andre skilt	Per tiltak	Kr X,-

Det betalast ikkje eiga gebyr for søknad om skilt som går inn i søknad om nybygg eller utvendig ombygging eller ved fasadeendring.

§ 3.7.8 Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar eller anlegg, jf. § 20-1 j.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 j		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Plassering av midlertidige bygningar, konstruksjonar og anlegg for varig oppheld som skal stå i inntil to år	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.7.9 Vesentleg terrenginngrep, jf. § 20-1 k.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 k		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Vesentlege terrenginngrep	Per søknad	Kr X,-

§ 3.7.10 Anlegg av veg, parkeringsplass og landingsplass, jf. § 20-1 l.

Sakshandsamingsgebyr for tiltak etter pbl § 20-3, jf. § 20-1 l		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Anlegg av veg parkeringsplass og landingsplass	Per tiltak	Kr X,-

§ 3.8 Tilleggsgebyr for verneverdige bygningar, verna område og kulturminne

Gebyret kommer i tillegg til sakshandsamingsgebyr under § 3.7.

Verneverdige bygningar, verna område og kulturminne		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknad som omfattar verneverdig bygning, verna område og/eller tiltak som gjeld kulturminne	Per søknad	Kr X,-

§ 3.9 Midlertidig bruksløyve, igangsetjingsløyve og ferdigattest

Midlertidig bruksløyve og ferdigattest		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Midlertidig bruksløyve	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Igangsetjingsløyve	Per løyve	Kr X,-
Vnr. Y	Ferdigattest der det har gått meir enn fem år sidan opphavleg byggeløyve ble gitt	Per søknad	Kr X,-

§ 3.10 Dispensasjonssøknad

Tiltak som ikkje stemmer med føresegner i lov, forskrift eller plan krev søknad om dispensasjon. Dispensasjonsgebyret kjem i tillegg til andre gebyr.

Dispensasjon etter pbl kapittel 19		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Dispensasjon som krev politisk handsaming	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon frå arealplan som avgjerast administrativt	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Dispensasjon frå anna enn arealplan som avgjerast administrativt	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for ekstern høyring	Per høyring	Kr X,-
Vnr. Y	Tilleggsgebyr for fleire forhold	Per forhold	Kr X,-

§ 3.11 Andre vurderingar

Andre vurderingar		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Tiltak på eksisterande byggverk (unntak frå TEK), pbl § 31-2, 4. ledd	Per fråvik	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av sjølvbyggaransvar, SAK § 6-8	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Godkjenning av føretak som ikkje oppfyller krava til utdanning mv. i SAK, pbl § 23-8, jf. SAK § 11-4 sjette ledd	Per føretak	Kr X,-

§ 3.12 Revidert søknad og teikningar

Med revidert søknad meinast endringar det søkast om etter at rammeløyve eller eit-trinns løyve er gitt, og før bygget eller tiltaket har fått ferdigattest. Om endringane er omfattande, slik at ny nabovarsel krevjast, gebyrleggjast søknaden som nytt tiltak.

Endring av tiltak		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Søknadspliktig mindre endring av tiltak	Per søknad	Kr X,-

§ 3.13 Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak som avisas/returnerast pga. vesentlege manglar*	Per sak	Kr X,-
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt av søker/tiltakshavar etter at kommunen har satt i gang sakshandsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks-handsamings-gebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avsluttar på grunn av manglande oppfølging frå ansvarleg søker eller tiltakshavar	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks-handsamings-gebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

*Søknaden er for mangelfull til at kommunen kan handsame den

§ 3.14 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter plan- og bygningsloven som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitelet, fakturerast etter medgått tid. Timeprisen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Grunngebyr kjem i tillegg. I spesielle / atypiske saker kan kommunen bestemme at gebyret skal fastsettast etter medgått tid.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid i byggje- og delesakar	Per time	Kr X,-

Kapittel 4 – Eigarseksjonering

Kapitelet handlar om gebyr for seksjoneringssaker etter eierseksjonsloven. Gebyrets storleik er det same for seksjoneringsvedtak som for avslag.

Ved søknad om løyve til å seksjonere ein eigedom etter eierseksjonsloven skal det reknast gebyr med mindre noko anna kjem fram av regulativet. Ved tilleggsareal i grunn kjem og gebyr for oppmålingsforretning, sjå kapittel 5.

§ 4.1 Grunngebyr

Kommunen fakturerer grunngebyr for alle saker, med mindre denne forskrifta angir noko anna. Grunngebyret skal dekkje dei generelle oppgåvene i sakshandsamingsprosessen som er uavhengig av kompleksitet og storleik på tiltaket, eksempelvis mottakskontroll, innregistrering, journalføring, fordeling av sak og arkivering.

Grunngebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Grunngebyr	Per søknad	Kr X,-

§ 4.2 Mangelfull søknad

Dersom søknad ikkje følgjer krava i eierseksjonsloven § 11 og kommunen må sende mangelbrev, kjem det eit tilleggsgebyr.

Mangelbrev		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Mangelbrev, frå og med det andre mangelbrevet	Per brev	Kr X,-

§ 4.3 Oppretting av eigarseksjonar

Oppretting av eigarseksjonar, nybygg og eksisterande bygg		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X.-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X.-
Vnr. Y	Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X.-

§ 4.4 Reseksjonering

Reseksjonering		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	For ein til tre seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	For fire til åtte seksjonar	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Frå ni seksjonar, tillegg per ny seksjon	Per seksjon	Kr X,-

§ 4.5 Sletting/oppheving av seksjonert sameige

Sletting/oppheving av seksjonert sameige		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sakshandsamingsgebyr for å slette seksjonar på ein eigedom	Per seksjon	Kr X,-

§ 4.6 Tilleggsgebyr

Gebyr kjem i tillegg til sakshandsamingsgebyret.

Tilleggsgebyr		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for synfaring	Per synfaring	Kr X,-

§ 4.7 Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag

Gebyr for avslutta sak før vedtak, ved avvising og ved avslag		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Sak som avisas	Per sak	Kr X,-
Vnr. Y	Sak som blir trekt før vurdering	Per sak	Grunngebyr
Vnr. Y	Sak som blir trekt etter at kommunen har satt i gang handsaming, men før endeleg vedtak	Per sak	Grunngebyr + 50 % av saks-handsamingsgebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avsluttar på grunn av manglande oppfølging frå søker	Per sak	Grunngebyr + 50% av saks-handsamingsgebyr
Vnr. Y	Sak som kommunen avslår	Per sak	Fullt gebyr

§ 4.8 Gebyr for annet fakturerbart arbeid

Gebyrpliktig arbeid etter eierseksjonsloven som ikkje fell inn under andre føresegner i dette kapitelet, fakturerast etter medgått tid. Timeprisen dekkjer blant anna sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon.

Timepris		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid etter eierseksjonsloven	Per time	Kr X,-

Kapittel 5 – Oppmålingsforretning

Kapitelet handlar om gebyr for oppmålingsforretningar og sakshandsaming etter matrikkellova.

§ 5.1 Tidspunkt for gebyrfastsetting og fakturering

Gebyr blir fakturert ved fullført oppmålingsforretning og blir rekna etter satsane som gjeld den dagen saka blir fremma for kommunen. Kommunen krev i tillegg dekka nødvendige tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift. Innbetaling av gebyr kan krevjast før matrikkelføring og tinglysing gjennomførast.

§ 5.2 Vinterforskrift

Den generelle handsamingsfristen på 16 veker for saker etter matrikkelforskriftens § 18 tredje ledd gjeld ikkje i perioden 1. november – 15. mai.

§ 5.3 Avbrot i oppmålingsforretning

Gebyr for utført arbeid når saka blir trekt før den er fullført, må avvisast, ikkje lar seg matrikkelføre på grunn av endra heimelsforhold eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, settast til 1/3 av samla gebyr.

§ 5.4 Gebyr for oppmålingsforretning

Samla gebyr består av både sakshandsamingsgebyr og gebyr ved oppmøte i marka. Dersom saka ikkje krev oppmåling i marka, fakturerast berre sakshandsamingsgebyr.

Gebyr for sakshandsaming

Gebyret dekkjer kommunens sakshandsaming i samband med oppmålingsforretninga, samt registrering i matrikkelen.

Gebyr for sakshandsaming		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppretting av grunneigedom og festegrunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn, samt arealoverføring og grensejustering	Per eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av uteareal på eigarseksjon	Per eigarseksjon	Kr X,-
Vnr. Y	Registrering av anleggseigedom	Per eigedom	Kr X,-
Vnr. Y	Punktfeste	Per punktfeste	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning	Per matrikkeleining	Kr X,-
Vnr. Y	Grensejustering	Per delareal	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepåvisning av tidlegare koordinatfesta grenser	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning, med synlege/kjente grensepunkt	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Klarlegging av grense for grunneigedom som ikkje er koordinatfesta i tidlegare forretning, utan synlege grensepunkt i terreng	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppmåling av skylddelingsforretning	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning (MUF)	Per søknad	Kr X,-
Vnr. Y	Samanslåing av eigedomar	Per matrikkeleining	Kr 0,-

Gebyr ved oppmåling i marka

Når kommunen må ut å måle i marka, kjem det oppmøtegebyr og gebyr per grensepunkt, i tillegg til gebyr for sakshandsaming. Oppmøtegebyr skal dekkje oppmøte og reisetid. Gebyret per grensepunkt skal dekkje tida det tar å gjennomføre oppmålingsarbeidet. Samanfallande grensepunkt telles som eit.

Gebyr ved oppmåling i marka		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Oppmøtegebyr	Per oppmøte	Kr X,-
Vnr. Y	Grensepunkt som målast og merkast i marka	Per grensepunkt	Kr X,-

§ 5.5 Reduksjon ved fleire matrikkeleiningar/seksjonar i same forretning

Ved samtidig oppmåling av tilgrensande tomter eller eigarseksjonar som er rekvirerte av same rekvirent, vert det gjeve følgjande reduksjonar i gebyret. Reduksjonen gjelder saksbehandlingsgebyret, ikkje gebyret for oppmøte i marka.

Reduksjon		Utrekningseining	Reduksjon
Vnr. Y	Ved samtidig oppmåling av 2 til 10 nærliggande tomter eller eigarseksjonar	Per matrikkeleining/seksjon	10 %
Vnr. Y	Ved samtidig oppmåling av fleire enn 10 nærliggande tomter eller eigarseksjonar	Per matrikkeleining/seksjon	30 %

§ 5.6 Gebyr for anna fakturerbart arbeid

Anna		Utrekningseining	Gebyr
Vnr. Y	Arbeid med referanse til stadfestingsavtale om eksisterande grense eller stadbunden rett, jf. matrikkelforskriften § 44	Per time	Kr X,-
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev inntil 10 sider	Per brev	Etter forskrift
Vnr. Y	Utarbeiding av matrikkelbrev over 10 sider	Per brev	Etter forskrift

Gebyrpliktig arbeid etter matrikkellova som ikkje fell inn under andre føresegner i denne forskrifta, fakturerast etter medgått tid. Timeprisen dekkjer sakshandsaming, støttefunksjonar og administrasjon. Kommunen kan på førehand bestemme at markarbeidet kan fakturerast etter medgått tid.

Anna fakturerbart arbeid		**Utrekningseining**	**Gebyr**
Vnr. Y	Gebyr for medgått tid	Per time	Kr X,-